



Møteprotokoll

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 06.12.2022
Tid: kl 13.00 - 15.10

Frammøtte	Reprenterer	Funksjon	
Knut Kleiven		medlem	
Ivar Kåre Mork	Ap	leiar	
Gerd Bang Brevik	LOG	medlem	
Berit Lyngstad	V	medlem	
Forfall	Reprenterer	Varamedlem	Reprenterer
Asbjørn Gausdal			

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Ane Malene Søvik Nygård, ny dagleg leiar.

Kjetil Kvammen, juridisk rådgjevar/advokat. På høgtalande telefon i sak PS53.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon:

Halldis Moltu, oppdragsansvarleg revisor.

Ulstein kommune:

Verner Larsen, kommunedirektør. I sak PS53.

Silje Ekroll Riborg, arkivleiar. I sak PS53.

Sakene vart behandla i følgande rekkefølge:

PS47, PS48, PS49, PS50, PS51, PS52, PS54, PS55 og PS53.

Det vart pause mellom kl. 13:40 og kl. 14:05, mellom PS55 og PS53.

Møteslutt kl. 15:10.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 47/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/2880
PS 48/22	Godkjenning av protokoll	22/2880
PS 49/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/2880
PS 50/22	Forenkla etterlevingskontroll 2022 Ulstein - Risikovurdering	22/2877
PS 51/22	Høddvoll Stadion AS - årsrekneskap 2021	22/2878
PS 52/22	Ulshav AS - årsrekneskap 2021	22/2879
PS 53/22	Svikt ved avgrensing av tilgongen til saksdokument for B- sak behandla i lukka kommunestyremøte	22/1424
PS 54/22	Vedtaksoppfølging	22/890
PS 55/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/2880

Ulsteinvik, 06.12.2022

Ivar Kåre Mork

PS 47/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 48/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå møtet 10.11.2022 vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå møtet 10.11.2022 vart samrøystes godkjend.

PS 49/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Behandling:

Møteprotokollen frå formannskapet 29.11 ligg ikkje på heimesida.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 50/22 Forenkla etterlevingskontroll 2022 Ulstein - Risikovurdering

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av regelverket kring offentlege innkjøp.

Behandling:

Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek vitende revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av regelverket kring offentlege innkjøp.

PS 51/22 Høddvoll Stadion AS - årsrekneskap 2021**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen og årsmeldinga til Høddvoll Stadion AS til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen og årsmeldinga til Høddvoll Stadion AS til vitende.

PS 52/22 Ulshav AS - årsrekneskap 2021**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen mm om Ulshav AS til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen i årsrekneskapen mm om Ulshav AS til vitende.

PS 53/22 Svikt ved avgrensing av tilgongen til saksdokument for B-sak behandla i lukka kommunestyremøte**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet minner om at tilsette i kommunen til ei kvar tid har plikt til å hindre at andre får kunnskap om teiepliktig informasjon, uavhengig av situasjon.
2. Ansvar for at lova sine krav til teieplikt blir tilsidesett på grunn av ulike feil eller manglar ved tekniske løysingar kviler på kommunedirektøren som ledd i internkontrollen.
3. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til at kommunedirektøren over ein lengre periode ikkje sette i verk tiltak som kunne hindre at uvedkomande tilsette og folkevalde kunne få tilgang til teiepliktig informasjon, slik som i granskingsaka.
4. Spørsmålet om reaksjonar mot personar i administrasjonen som gjennomførte ulovleg innsyn i granskingsmaterialet høyrer under kommunedirektøren sitt løpande personalansvar for den enkelte tilsette.

Behandling:

Justering til punkt 3, foreslått av Berit Lyngstad, Venstre

På punkt 3 kom kontrollutvalet slikt endringsframlegg:

(...) hindre at uvedkomande tilsette og folkevalde kunne få tilgang til teiepliktig informasjon, slik som i granskingssaka.

Advokat/juridisk rådgjevar i Vest kontroll, Kjetil Kvammen, var tilstades på høgtalende telefon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunedirektør Verner Larsen og arkivleiar Silje Ekroll Riborg var tilstades for å svare på spørsmål.

Det vart registrert ein skrivefeil der det sto sak 30/33, det skal sjølvstade vere 30/22.

Tilrådinga frå dagleg leiar med endringsframlegget på punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet minner om at tilsette i kommunen til ei kvar tid har plikt til å hindre at andre får kunnskap om teiepliktig informasjon, uavhengig av situasjon.
2. Ansvar for at lova sine krav til teieplikt blir tilsidesett på grunn av ulike feil eller manglar ved tekniske løysingar kviler på kommunedirektøren som ledd i internkontrollen.
3. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til at kommunedirektøren over ein lengre periode ikkje sette i verk tiltak som kunne hindre at uvedkomande tilsette kunne få tilgang til teiepliktig informasjon, slik som i granskingssaka.
4. Spørsmålet om reaksjonar mot personar i administrasjonen som gjennomførte ulovleg innsyn i granskingsmaterialet høyrer under kommunedirektøren sitt løpande personalansvar for den enkelte tilsette.

PS 54/22 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 55/22 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Kontrollutvalet oppmodar sekretariatet om at ein ved framtidige saker som inkluderer B-dokument sørger for at alle medlemma i kontrollutvalet får utdjupande orientering, eventuelt med tillegg av alle B-dokument før drøfting av saka i utvalet tek til.

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.